

Remmevegen

Remmevegen er ein fin turveg med fast grusdekke. Frå parkeringa går vegen forbi Djuviksøyla, eit flott turmål i seg sjølv når der er god skøyteis om vinteren. Her er det også ein gapahuk. Remmevegen går mellom Gamlemsmyrane og fjellet og har eit typisk kystmyrlandskap og stor slått utsyn mot havet og Nordøyane. Ved enden av Remmevegen står ein flott trelavvo som er open for alle. Langs turvegen står fleire rastebenkar og skilt med lokale namn og informasjon.

Det er lite trafikk frå Remmevegen og vidare mot Hildre skule og Alvestad. Derfor er dette ein fin sykkel- eller trilletur med barnevogn tur/retur. Ved skulen på Hildre går setervegen opp i Hildredalen. Dette er også ein fin sykkel- eller gåtur for dei som vil utforske meir av området.

Andre turmål

Sandvika er ei fin og langgrunn badestrand med fast og fin sand. Frå setervegen i Hildredalen går stiar til overgangsturar mot Søvik, Grytestranda og Brattvåg. Hildredalen er også eit utgangspunkt for fjellturar til Tverrberget eller Hildrehesten.

Parkering og buss

Det er fleire stadar å parkere. For å gå Remmevegen er det mest naturleg å parkere ved starten av turen på Gamlem. For å kome til badestranda ved Sandvika er det best å parkere ved Grendahuset. Ved Lepsøyrevet fyr er det eiga parkering ved moloen.

Busshaldeplassar finst ved byggefeltet på Hildre, ved Hildre kyrkje og Skjeltene ferjekai. For oppdaterte bussruter sjekk: www.frammr.no eller ring 177.

Kulturminne

Det er fleire kulturminne i området. Mellom anna har Rambjøra ovanfor Hildre skule fleire store gravhaugar. Dit kjem ein via ein litt våt sti frå starten av Hildredalen. For meir informasjon om kulturminne sjekk: www.kulturminnesok.no

Turtips:

www.friluftsradet.no
www.morotur.no
www.godtur.no

Turkorta til friluftsrådet kan lastast ned som pdf-filer frå www.friluftsradet.no

Utgitt med støtte frå:

- Friluftsrådenes Landsforbund
- Møre og Romsdal fylkeskommune



Layout/trykk: Jons Kontor AS. Foto: Marte Alvestad og May Britt Haukås.

Remmevegen - Hildre

Remmevegen er ein relativt flat turveg med grusdekke mellom Gamlem og Hildre i Haram. Med nokre etappar på lite trafikkert veg er det samanhengande sykkel-, tur- og rideveg heilt til Alvestad. Vestsida av Haramshalvøya er eit interessant område med fyr, sandstrand, turvegar og skøytebane.



Parkering



Buss



Fyr



Turveg – gul



Sti – kvitstipla



Vandring på bilveg – gul stipla



Fornminne



Leikeplass



Badeplass



Kyrkje



Bratt bakke



Gapahuk



Fotballbane



Isbane



Remmevegen - Hildre



Kjelde: www.norgei3d.no, Norkart AS, Geovekst og Haram kommune.